



Filipstadbygg AS
Postboks 43 Økern
0508 Oslo

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
26/69710	26/6536	Anders Vangsnes Bøe post@bjornafjorden.kommune.no https://bjornafjorden.kommune.no/		01.07.2026

18/55, Nordre Lyseparken - Løyve til påslepp av feithaldig avløpsvatn

Delegasjonssaksnr. Utval
636/2026 - Delegert sak Plan-, bygg- og miljøutvalet

Ansvarleg for påslepp:	Filipstadbygg AS
Type påslepp:	Feithaldig avløpsvatn
Anleggstype:	Odin maskin NS 30 feittutskiljar
Plassering:	Nedgrave

Bakgrunn

Søknaden gjeld påslepp av feithaldig avløpsvatn frå bakeverksemd. Avløpsvatnet skal reinsast gjennom ein Odin maskin NS 30 feittutskiljar før påslepp til offentleg avløp.

Naturmangfald- og vassforskrifta

Løyvet gjeld ein Odin Maskin NS 30 feittutskiljar med påslepp på det offentlege avløpsnettet. Kommunen ser ikkje at det planlagde utsleppet kjem i konflikt med vern av naturmangfaldet eller føresegner i naturmangfaldlova jamfør [§ 7 i naturmangfaldlova](#).

Vilkåra for løyvet

Bjørnafjorden kommune har gitt løyvet på bakgrunn av dei opplysningane de gav i søknaden av 24.06.2026.

I medhald av [forureiningslova § 11](#) og [forureiningsforskrifta § 15A-4](#), godkjenner avdeling for samferdsel og VA søknaden på følgande vilkår:

1. Feithaldig spillvatn som inneheld sedimenterbart materiale skal passere slamavskiljar før det går inn på feittutskiljaren. Spillvatn med raskt rotnande, sedimenterbart materiale skal ikkje passere slamavskiljar. Dette for å unngå rotning. Grovare partiklar blir fjerna ved innløpsrist før feittutskiljaren.

Alkalisk reagerande feitt-/oljeholdig spillvatn skal nøytraliserast før det blir leidd til utskiljaren.



2. Løyvet blir godkjent på bakgrunn av førespegla belastning. Dersom påsleppet aukar vesentleg, fell løyvet bort og det må søkjast om nytt løyve.
3. Det er ikkje tillate å føre spillvatn frå WC og andre sanitærinstallasjonar, heller ikkje overvatn, til olje- og feittutskiljarar.
4. Feittinnhaldet i utløpet frå feittutskiljaren skal ikkje overstige 150 mg/l, målt som totale hydrokarbon. Temperatur ut frå feittutskiljar skal ikkje overstige 30 °C.
5. Materiale og utføring av utskiljarane skal oppfylle krav i gjeldande Norsk Standard.

Det er verksemda som har ansvar for at feittutskiljar, eller eventuelt anna godkjent utstyr, er dimensjonert i forhold til den reelle belastninga.

Før feittutskiljaren blir satt i drift, skal kommunen ha motteke produktsertifikat som underbyggjer val av feittutskiljaren.

6. Det skal takast temperaturprøvar ut frå feittutskiljaren ved full drift minst *én* gong per år. Dersom leverandøren anbefaler hyppigare prøvetaking, er det leverandøren si anbefaling som gjeld.
7. Regelmessig tømning og reingjering er avgjerande for effekten av feittutskiljaren. Feittutskiljarar skal tømmast 3-12 gonger per år, avhengig av belastningsgrad. Det er mogeleg å søkje om mindre hyppig tømning dersom oppsamla mengde feitt er lita over tid.

Verksemda skal inngå avtale med eit firma om regelmessig tømning, tilpassa behovet. Gyldig tømmeavtale skal liggje føre til ei kvar tid. Kommunen kan gje pålegg om endring av tømmehyppigheit ved behov.

Opplysningar om dato for kvar tømning og kven som utførte tømninga skal førast inn i driftsjournalen for anlegget.

8. Det skal gjennomførast driftskontroll av anlegget. Alle reinseanleggsvolum (utskiljarar, sandfang, slamavskiljarar, oppsamlingstankar, inn-/utløpsleidningar, m.m.) skal reingjerast årleg. Driftskontroll og reingjering kan utførast i samband med tømning av utskiljar.
9. Tømmeoperatør skal sende inn tømmerapport for feittutskiljaren til kommunen.
10. Det skal mellom 01.01 og 01.02 sendast inn årsrapport for feittutskiljaranlegget. Vedlagt skjema skal nytast.

Kor lenge er løyvet gyldig?

Legg merke til at løyvet ikkje gjeld

- dersom de ikkje har sett i gang arbeidet seinast tre år etter at løyvet blei gitt



- dersom de innstiller arbeidet i meir enn to år

Er utsleppet i desse tilfella framleis aktuelle, må de sende inn ein ny søknad, jamfør forureiningsforskrifta § 15-5 fjerde ledd.

Dersom de gjer vesentlege endringar i utsleppet, må de søkje om endring av løyvet, jamfør forureiningsforskrifta § 15-3.

Du og aktuelle partar kan klage på vedtaket

De kan klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker. Hugs å grunngi klagen og føre opp kva endringar de ønskjer. Send klagen til post@bjornafjorden.kommune.no.

Dersom nokon klagar på løyvet, etablerer de påsleppet på eigen risiko. Kommunen kan også bestemme at løyvet ikkje kan takast i bruk før klagen er avgjort. Avgjerda til kommunen om dette kan ikkje påklagast, jamfør forvaltningslova § 42.

De har rett til å sjå dokumenta i saka

De har også rett til å sjå alle dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19. I denne saka er dokumenta offentlege, og alle som ønskjer, har rett til å sjå og gjere seg kjende med dei.

Du må betale eit saksbehandlingsgebyr

Kommunen si behandling av søknad om løyve til påslepp av feitthaldig avløpsvatn er omfatta ei gebyrordning, sjå gebyrregulativet til Bjørnafjorden kommune. Du må betale eit gebyr på kr. 3 500,- for kommunen si behandling av søknaden.

Har de spørsmål?

Dersom de har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med saksbehandlaren vår på tlf 56 57 50 00 eller på e-post post@bjornafjorden.kommune.no, merk e-posten med saksnummer **26/6536**.

Med vennleg helsing

Agnete Haugland
Leder - Samferdsle

Anders Vangsnes Bøe
Ingeniør - Avd. VA

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

18/55, Nordre Lyseparken – Søknad om påslepp av feitthaldig avløpsvatn
Situasjonsplan VA – Bakehuset
Situasjonsplan – påslepp feittutskiljar
FDV Feittutskiljar F-H-med-provekum